

Årsmelding for Masfjorden sokn 2024





DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

Innhald

Innleiing	3
Om sokneråd / fellesråd	4
Andre utval	4
Soknerådet / fellesrådet	4
Kyrkjeutvala	5
Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval:	5
Dei tilsette i Den norske kyrkja i Masfjorden	5
Tilsette i Nordhordland prosti	5
Tilsette i Fellesrådet	5
Andre tilsette som har sin arbeidsplass ved kyrkjene er:	5
Likestilling:	6
Andre med avtale med Fellesrådet	6
Eigedomar som Fellesrådet forvaltar	6
Kyrkjene våre	6
Frøyset kyrkje:	6
Solheim kyrkje:	7
Sandnes kyrkje:	7
Fjon fjellkyrkje:	7
Gravplassar i kommunen	7
Frøyset:	7
Hosteland:	7
Sandnes:	7
Skjerjebakken:	8
Solheim:	8
Indre Haugsdal:	8
Den norske kyrkja i Masfjorden i tal	8
Årsrekneskap	8
Nøkkeltal for Masfjorden sokn	8
Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn	9
Gudstenestelivet	9
Trusopplæringstiltak	10

Helsingar til dåpsborn.	10
Småbarnstrall.....	10
Dåpsskule.....	10
Tårnagent.....	10
Lys Våken.....	11
Utdeling av bøker til 4 og 10-åringar.	11
Utdeling av bøker til 6-åringar ved skulestart.	11
Konfirmantarbeidet.....	11
Diakonalt arbeid	12
Fasteaksjonen	12
Sjukeheimen	12
Samtalar og sjelesorg	12
Kulturelt arbeid	12
Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:.....	12
Samarbeid med andre	13
Fjon fjellkyrkje	13
Tverrfagleg samarbeidsutval.....	14
Masfjordingen.....	14
Barnehagar og skular	14
Misjonsprosjekt.....	14
Eit blick framover – oppgåver og utfordringar.....	14

Innleiing

Tala talar tydeleg. Då året 2024 var omme, og ein kunne få eit statistisk oversyn over kor stor oppslutnad det hadde vore rundt Kyrkja i Masfjorden sine tilskipingar dette året, kunne ein konstatere at oppslutninga har auka monaleg i høve året før. Dei som vil sjå nærare på dette, finn talmaterialet lenger bak i denne årsmeldinga.

Det kan sjå ut til at auka oppslutning om kyrkja er ein trend som ein finn att mange stader i landet. Men det er grunn til å merke seg at auken i oppslutning om Kyrkja i Masfjorden sine tilskipingar er langt større enn det ein stort sett finn andre stader.

Ein kan undre på kva det er som er grunnen til denne auken. Truleg er svaret samansett. Ein kan tenkje at i ei tid som er prega av uro, framstår kyrkja som ein trygg del av lokalmiljøet, både hos oss i Masfjorden og i andre delar av landet.

Det er også nærliggjande å tru at den generelt positive haldninga folk i Masfjorden ser ut til å ha til kyrkja, gjer at det for mange ikkje opplevast som ei stor endring å slutte meir opp om det som skjer der.

Og endeleg skal ein ikkje sjå vekk frå at kyrkja med gode medarbeidarar og ivrige frivillige på laget, har klart å gi lokalmiljøet eit tilbod som ein ser seg tent med og set pris på. Det er i så fall ei god oppmuntring til å halde fram med dette arbeidet, som ein kan lese meir om lenger bak i denne årsmeldinga.

Om sokneråd / fellesråd

Eit sokneråd er eit demokratisk vald råd av valbare medlemmer av Den norske kyrkja i eit sokn. Soknerådet har ansvar for å leggje til rette for og understøtte ulike tiltak knytt til kyrkjelivet i soknet.

Eit fellesråd er i utgangspunktet sett saman av oppnemnde medlemmer frå sokneråda i ein kommune, samt ein representant for kommunen. Fellesrådet sitt ansvarsområde er knytt til planarbeid, budsjett og økonomistyring, og det er fellesrådet som har arbeidsgjevaransvar for dei som arbeider i kyrkja, men som ikkje er tilsette i bispedøme / prosti.

Sidan det berre er eitt sokneråd i Masfjorden, fungerer soknerådet som fellesråd i saker som etter lova skal handsamast av fellesrådet. Når soknerådet fungerer som fellesråd, tiltrer ein kommunal representant. Men sjølv om dette soleis stort sett er dei same personane som sit i sokneråd og fellesråd, er det viktig å hugse at desse to råda har kvar sine ansvarsområde, og kvart sitt mandat.

Soknerådet handsama totalt 23 saker i 2024, og fellesrådet hadde 41 saker oppe til handsaming. Ein vil med dette nytte høvet til å takke kvart einskilt rådsmedlem for god innsats i året som gjekk.

Andre utval

Me har eit arbeidsutval som fungerer som saksførebuande organ for soknerådet, og som soknerådet kan delegerer avgrensa mynde til, til dømes i ferietida. Arbeidsutvalet, som er sett saman av sokneprest, kyrkjevevje og soknerådsleiar, har rutinemessig vore samla for å førebu soknerådsmøta innan innkallinga til desse går ut. Det er ei ordning som har fungert godt. Soknerådsleiar har også blitt halden kontinuerleg orientert om saker som dei tilsette har hatt oppe på stabsmøta.

Ein har også hatt eit administrasjonsutval som skulle arbeide med personalforvaltning. Dette har bestått av Rune Garmann og Liv Øydis Trædal (vara: Atle Nordland) som arbeidsgjevarrepresentantar. Remi Kallekleiv har vore varamann for Helga Ekehaug som arbeidstakarrepresentant medan ho var i permisjon. I 2024 hadde administrasjonsutvalet ingen saker til handsaming.

Andre utval vil verte oppretta ved behov.

Soknerådet / fellesrådet

Masfjorden sokneråd er i perioden 2023-2027 samansett slik. Leiar og nestleiarar vert vald for eitt år om gongen:

- | | |
|---------------------------------------|---------------------------------|
| • Rune Garmann, leiar | • Elin Matre |
| • Heidi Bjånes Bjørneklett, nestleiar | • Sokneprest Torbjørn Sæle |
| • Siri Andvik | |
| • Liv Øydis Trædal | • Vararepresentantar er: |
| • Anbjørg Berg Dyrhovden | • Ståle Daae |
| • Atle Nordland | • Frank Oppedal |
| • Hanne-Marit Neverdal | • Aina Sleire |
| • Anne Kari Mjanger | • Svein Atle Næss |
| • Stian Søvik | • Vebjørn Haugsdal |

Kommunestyret har utnemnd desse representantane til fellesrådet:

- Geir Egil Haugsvær
- Vararepresentant er Tove Kristin Sleire Tistel

Kyrkjeutvala

Ordninga med kyrkjeutval har fungert fint, og dei gjer eit godt arbeid.

Frøyset kyrkjeutval:

Hanne-Marit Neverdal,
leiar
Dag Bjørnar Holmaas
Heidi-Elin Kolle Andvik
Joakim Andre Fagerheim
Hindenes
Marit Helene Riisnes

Sandnes kyrkjeutval:

Siri Andvik, leiar
Anne Kari Mjanger
Atle Nordland
Helen Andvik
Vebjørn Haugsdal

Solheim kyrkjeutval:

Anbjørg Berg Dyrhovden,
leiar
Frank Oppedal
Heidi Bjånes Bjørneklett
Liv Øydis Trædal
Ståle Daae

Litt om kjønnsfordeling av verva i råd og utval:

Når det gjeld kjønnsfordeling i råd og utval, er situasjonen den at det i soknerådet er 70% kvinner og 30% menn. Tek ein med varamedlemene, er fordelinga 47% menn og 53% kvinner. I kyrkjeutvala er det 40% menn og 60% kvinner.

Fordelinga i råd og utval er ein konsekvens av valresultatet i kyrkjevalet. Listene var sett opp med god fordeling mellom menn/kvinner.

Dei tilsette i Den norske kyrkja i Masfjorden

Tilsette i Nordhordland prosti

Torbjørn Sæle er fast tilsett som sokneprest i Masfjorden sokn. Ein samarbeidsavtale mellom Bjørgvin bispedøme og Gulen, Masfjorden og Solund kommunar sikrar prest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Dette er ei ordning vi er glade og takksame for.

Torbjørn ser ut til å ha funne seg godt til rette her hos oss, og det er inga overdriving å seie at vi her i grendene våre har funne oss svært godt til rette med han.

Tilsette i Fellestrådet

- Eli Eidsnes har vore kyrkjeverje i ei 70% stilling, og sekretær ved kyrkjekontoret i ei 30% stilling.
- Remi Kallekleiv har vore kyrkjegardsarbeidar i ei 80% stilling. I tillegg til arbeid på gravplassane har han og jobba med vedlikehald av utstyr.
- Tina Meland Lønnebakken var tilsett som trusopplærar i 60% vikarstilling ut juli.
- Frå 1.august overtok Else Iren Westervik trusopplærar arbeidet med dei minste borna i ei 50% stilling. I tillegg kjøper me timar frå kulturskulen til dirigentenesta Else Iren gjer med barnekoret i Sandnes kyrkja.
- Ingrid Helene Raunehaug hadde ei 20% vikarstilling som konfirmantarbeida i starten av året. Etter nokre månaders vakanse i denne stillinga, vart Alf Holmaas Helland tilsett i 30% vikarstilling frå 1.august.
- Både Tina og Ingrid Helene og deretter Else Iren og Alf vikarierer for Helga Ekehaug, som er i 3 års permisjon for å studera (2022-2025).

Andre tilsette som har sin arbeidsplass ved kyrkjene er:

- Eldbjørg Mjanger som er klokkar/kyrkjetenar i 1,97% ved Granneheimen.
- Anke Helland er kyrkjetenar og klokkar på Frøyset på timebasis, og starta 1.oktober.
- Svein Birger Haugsdal var reingjerar i Frøyset kyrkje på timebasis i januar-september.
- Mykola Muzhevskiy gjorde malejobben på Skjerjebakken, og var sommarvikar med plenklipp under ferieavvikling. Jobba i perioden mai-sept på timebasis.

- Kristin Agni Helland var kyrkjetenar på to gudstenester i Frøyset kyrkje i mai og juli.

Likestilling:

- Som det ser i oppsettet ovanfor, har det i 2024 vore tilsett totalt 11 personar i ulike stillingsstorleikar og ulike periodar. Av desse er det 7 kvinner og 4 mann. I tillegg har Fellesrådet ein fast vikaravtale med organist (mann) i 40% stilling, med tillegg for speling i gravferder og vigslar. Sjå neste side.
- På ein arbeidsplass med så få tilsette som hos oss, kan det til tider oppstå ein viss ubalanse i kjønnsfordelinga, utan at dette skuldast tilhøve knytt til personalforvaltninga.
- Det er etter det ein kan sjå, ingen faktorar som skulle tilseie at eitt kjønn ikkje skulle kunne ta på seg dei oppgåvene som staben vår skal utføre, og det har aldri vore knytt krav om at søkjarar skal vere av det eine eller det andre kjønn i utlysingstekster.

Ein kan soleis ikkje sjå at det til no har vore ynskjeleg eller naudsynt med målretta tiltak for å påverke kjønnsfordeling mellom dei tilsette. Fram til no har det heller ikkje vore aktuelt å leggje tilhøva til rette for arbeidstakarar med særskilte behov for tilrettelegging, men dersom det skulle verte behov for slik tilrettelegging, vil det skje som ein del av arbeidet med god personalforvaltning.

Andre med avtale med Fellesrådet

Delar av arbeidet i kyrkjene våre har også i 2024 vore utført av folk som ikkje er direkte tilsett i Masfjorden sokn:

- Me har fast vikaravtale med Boris Kuprijanov som organist i 40% stilling + gravferder og vigslar. Han fakturerer frå eige firma.
- I Sandnes kyrkje har me avtale med Sandnes skulemusikk som utfører kyrkjetenar og klokkeoppgåvene mot ei årleg godtgjering for arbeidet.
- I Solheim kyrkje har me tilsvarande avtale med Solheim helselag. Desse tre løysingane fungerer fint, og me takkar for samarbeidet og det gode arbeidet desse gjer for oss gjennom året.

Ein bør sjå storleiken på staben i samanheng med aktivitetane som er i regi av kyrkja. Det er klart at ein har fått til svært mykje innan dei stillingsrammene ein har hatt. Grunnen til dette er at dei tilsette tidvis har arbeidd i overkant av det dei har vore betalt for.

Det er godt å ha gode og innsatsvillige medarbeidarar, og ein skal vere takksam for innsatsen som vert lagt ned. Men på sikt er det eit spørsmål om dette er ein berekraftig situasjon, og om det difor kan vere aktuelt med ei nøktern, men naudsynt utviding av nokre av stillingane.

Eigedomar som Fellesrådet forvaltar

Kyrkjene våre

Det er ulike vedlikehaldsbehov på kyrkjebygga våre, og ein prøver å samordne behova for å få mest mogleg utav tildelte pengar. I 2024 fekk ein ikkje gjort alt som var planlagt pga mangel på handtverkarar og sjukdom i eigen stab. Men me prioriterte akutte behov og ferdigstilling av tidlegare planlagt arbeid.

Frøyset kyrkje:

Er vår «nyaste» kyrkje frå 1937. Her har det dei siste åra blitt gjort ein del vedlikehald. I år har me hatt snekkar til å skifta døra i sideinngangen og festa laus skiferhelle. Og me har hatt elektrikar og rørleggar til mindre vedlikehaldsoppgåver i kjellaren. Vår nye kyrkjetenar/klokke Anke Helland har i haust gjort ein flott oppryddings- og vaskejobb i kyrkja.

Solheim kyrkje:

Er frå 1881. I år har me fått reparert tårnluka som lak og fått gjort litt oppgraderingar av lukene for å lette arbeidet med å opne/lukke.

På alteret fekk me i haust nye tekstilar; nytt raudt antependium (tøyet som dekker alteret) og ny flott alterduk brodert av Bjørg Stormark (bildet). Over den er det no kome ei glasplate som beskyttar mot stearin og liknande.

Me vil takka Bjørg for arbeidet med duken og Åse Marit Kalhovd for godt samarbeid med kyrkjeeverja om monteringsjobben.

Sandnes kyrkje:

Er den av kyrkjene våre som er automatisk listeført, då den er frå 1845. Kyrkja er av Riksantikvaren vurdert som eit verneverdig kulturminne, og er den einaste av kyrkjene våre som kjem inn under kyrkjebevaringsprogrammet.

Her vart det i fjor gjort ein del vedlikehaldsarbeid, og i år er det mest mindre oppgåver som har vorte utført.

Fjon fjellkyrkje:

Masfjorden sokn er eigar av Fjon fjellkyrkje som vert drifta av foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter, sjå meir informasjon lenger bak.



Gravplassar i kommunen

Frøyset:

Det vart i fjor gjort eit godt arbeid med vedlikehald her, så lite utanom det vanlege vart gjort dette året. Denne gravplassen har mindre ledig plass enn dei andre, og ein må sjå på dette i framtida.

Hosteland:

Her var det planlagt vedlikehaldsarbeid som me dessverre ikkje fekk utført. Så det er framleis behov for både vask, maling og fjerning av store tre. Det siste må ein finna løysing på saman med grunneigarane. Her er det utfordringar med grunnvatnet.

Sandnes:

Me fekk gjort mykje arbeid på denne gravplassen i fjor. Det var difor ikkje noko særleg behov for utbetringar utanom vanleg vedlikehald her.

Skjerjebakken:

Her fekk me i år gjort etterlengta vedlikehald med vask, maling og små reperasjonar av både gjerde, port, benk og klokkeårn. Her er eit problem med at hjorten kjem inn på gravplassen og nappar opp blomar. Det vert arbeid vidare med søknad om tiltak for å hindre dette, men dette tar tid.

Solheim:

I år er det berre gjort vanleg vedlikehald, og det er behov for bl.a. reingjering og delvis maling på gjerde og benkar med meir i komande år.

Indre Haugsdal:

Pga sjukdom vart ikkje det planlagde arbeidet med reperasjon av gjerde gjort her.

På alle gravplassane vert det ved høve arbeida med fjerning av gamle gravsteinar der feste avtalane er sagt opp.

Den norske kyrkja i Masfjorden i tal

Årsrekneskap

Revidert årsrekneskap vert framlagt som eige dokument.

Rekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 664.995. Løn med sosiale utgifter står for om lag 80% av mindreforbruket og er pga sjukemeldingar og vakansar i stillingar.

Etter avklaring av eigarskap for Fjon fjellkyrkje er bygget innarbeidd i 2024 rekneskapen til soknet, dette var ikkje tatt med i budsjettet.

Det er innarbeidd ein rutine om at sokneråd / fellesråd på kvart møte vert oppdatert om den økonomiske situasjonen i soknet. Dette er gjort for at ein skal ha eit så klårt bilete som mogleg av kva økonomiske rammer ein har å arbeide etter, og hindre at det vert gjort vedtak som det ikkje er økonomisk dekning for.

Nøkkeltal for Masfjorden sokn

Masfjorden sokn	Tal på gudstenester søn- og heilagdag	Tal på andre gudst.	Tal på gudst. totalt	Gjennomsnitt alle gudst.	Gjennomsnitt søndagsgudst.	Deltakarar på julaftan
2024	50	9	59	57	56	257
2023	45	6	51	46	44	246
2022	52	6	58	50	49	198
2019	45	6	51	58	60	294

Masfjorden sokn	Døpte	Konfirmerte	Vigslar	Gravferd
2024	14	20	4	12
2023	6	12	3	15
2022	15	21	3	27
2019	12	19	7	15

Masfjorden sokn	Innmeldte DnK	Utmeldte DnK	Sum innsamla midlar kyrkjeoffer kontant og Vipps
2024	0	1	108 847
2023	0	3	82608
2022	2	4	85956
2019	2	4	68962

Om det kyrkjelege arbeidet i Masfjorden sokn

Gudstenestelivet

I 2024 var det ei stor og gledeleg auke i oppslutninga om gudstenestene. Nesten 1000 fleire personar deltok samanlikna med året før, ei auke på over 40%.

I haust vart det starta med Supersøndag – ein dag med ekstra fokus på barn/unge i kyrkja i Masfjorden, nokre gongar med fleire gudstenester på same dag. På Supersøndag har det blitt delt ut kyrkjebøker til 4-åringar, 6-åringar og 10-åringar, konfirmantar har blitt presenterte, barnekoret har sunge og Lys Våken-deltakarar har vore med. Fleire har også ønska dåp på Supersøndag og ein søndag i oktober var til saman over 300 på gudsteneste i dei tre kyrkjene.

Totalt vart det gjennomført 59 gudstenester i 2024, 26 av dei med nattverd og 10 av dei med dåp. Fordelinga av gudstenester er nokså lik mellom Frøyset, Sandnes og Solheim kyrkje. I Granneheimen har det vore gudsteneste i påska og i adventstida. På Fjon fjellkyrkje har det vore to gudstenester som avslutning på konfirmantleirar i tillegg til den svært godt besøkte olsokgudstenesta. På Masfjorden sjukeheimen var det tre gudstenester samt fire andakter med nattverd som reknast som gudstenester. I snitt var det 57 til stades på kvar gudsteneste, ein auke frå 46 året før.

I skuleferiar og i samband med ferieavvikling er det færre eller ingen gudstenester. Etter dei fleste gudstenestene er det kyrjekaffi, stelt i stand av nokon frå kyrkjeutvala. Dette er eit viktig og godt etablert tilbod som skapar fellesskap og gode samtalar.

Nytt i år var friluftsgudsteneste ute ved Stordalen fjellstove langfredag. Dette vart den mest besøkte gudstenesta i påsken. Det har også vore friluftsgudstenester ved Stemmevatnet på Solheim og på Reknesskjerjane, begge med nokså få deltakarar. Den planlagde friluftsgudstenesta ved Dagsturhytta var inne i Granneheimen ein svært regnfull Kristi himmelfartsdag.

50-årskonfirmantar var i september med på gudsteneste i Sandnes kyrkje med påfølgjande middag, kaffi, song og quiz på Snikkarbua på Kvingo.



Det var minnegudstenester i dei tre kyrkjene fordelt på to søndagar rundt helgemessesøndag i november. Familiar som hadde mista noko siste året fekk brev med særskilt invitasjon til gudstenesta og ein aktuell konsert.

Ei av temagudstenestene var ei kveldsgudsteneste med salmar og songar Johnny Cash song. Cash-messa med bandet frå Alver i Frøyset kyrkje hausta mange lovord og samla folk frå ulike deler av kommunen.

Musikantar frå Nordbygda skulekorps, Sandnes skulemusikk og Fjon musikklag har vore med på gudstenester i løpet av året. Det same har songsolistar og instrumentalistar i samarbeid med organisten.



I Solheim kyrkje har den etablerte forsongargruppa vore med nokre gongar. Alt dette er gode bidrag for å løfta songen og musikken i gudstenestene.

Trusopplæringstiltak

Helsingar til dåpsborn.

Det blei sendt ut helsingar til dåpsborn, eit, to og tre år etter dåpsdagen. Gåvene saman med ei helsing blir sendt ut rundt den datoen dei har dåpsdag.

Småbarnstrall.

Frå hausten 2024 vart det arrangert småbarnstrall i Sandnes kyrkje. Dette er eit tilbod for born mellom 0-5 år, på dagtid. Her var det songstund for dei minste, og etterpå vart det nistepakke lunsj og tid for ein prat for foreldra.

Dåpsskule.

Når borna får utdelt si 4-årsbok på hausten, så blir dei neste vår invitert til dåpsskule i si kyrkje. Dåpsskulen er for fem-åringar, og det har vore tre samlingar i kyrkjene. Her blir dei invitert for å verte betre kjent med kyrkja, gjennom leik, forming og samlingsstund. Vi snakkar også om ulike tema som dåp, kyrkja, bønn osv. Dette gjer vi gjennom å leike og utforske.

Tårnagent.

7-, 8- og 9-åringar som går i 1.-3. klasse om våren vert invitert til å være tårnagentar i kyrkja i vårsemesteret. Det er leik, song, mat og løysning av ulike mysterium/oppgåver. Tårnagentane utforskar kyrkja, og vert betre kjent med kyrkjetårnet med kyrjeklokkene og orgelet. Tårnagent i 2024 var i Frøyset kyrkje, laurdag 16. mars og på gudstenesta søndag 17. mars med 14 påmeldte deltakarar. Konfirmantar var med som ungdomsleiarar.

Lys Våken.

Lys Våken er eit trusopplæringstiltak for dei som er 10,11 og 12 år og går i 5.-7. klasse om hausten. Her blir ein invitert til å overnatte i kyrkja, frå laurdag til søndag.

Lys Våken vart arrangert med overnatting i Sandnes kyrkje 16.-17. november. 6 deltakarar øvde inn Lys Våken-songen med dans og bidrog også med dramatisering og lesing på gudstenesta. Konfirmentar var med som ungdomsleiarar.

Utdeling av bøker til 4 og 10-åringar.

På hausten inviterer vi 4-åringane til å få «Kyrkjeboka mi». Den deler vi ut på ei gudsteneste, i alle kyrkjene.

Vi inviterer også 10-åringane til å få sin eiga bok på hausten i ei gudsteneste i kvar av kyrkjene. 10-åringane fekk dette året Teikneseriebibelen.



Utdeling av bøker til 6-åringar ved skulestart.

Utdelinga av bøker til 6-åringar ved skulestart vart vidareført for andre år på rad. Boka dei fekk heiter «Tre i eit tre», som er ei forteljingsbok om tre venner som byrjar på skulen.

Alle bokutleveringane hadde bra oppslutnad.

Konfirmentarbeidet

Oppslutninga om konfirmasjon i Masfjorden er svært god, og dette arbeidet har høg prioritert. 20 ungdomar vart konfirmerte våren 2024. 19 ungdomar starta eit nytt konfirmentår same haust.

Vårens konfirmentar hadde leir med lysmesse på Fjon i februar, fasteaksjon i mars, konfirmentfestivaldag for heile prostiet i Knarvik i april og som vanleg konfirmasjonsgudstenester dei siste tre søndagane før 17. mai. I slutten av mai inviterte soknerådet konfirmentar med foreldre til felles konfirmentfest på Fjon.



Det nye konfirmantåret starta med presentasjons-gudstenester i slutten av august og ein bli-kjent-dag med besøk på sjukeheimen i september, der konfirmantane song og delte ut roser.

I september var det god stemning på leir på Fjon til trass for haustregn i store mengder.

Konfirmantane har gjennom året delteke og hatt oppgåver på enkelte gudstenester, og mange seier det er kjekkare å vera på gudsteneste når dei har ei oppgåve. Konfirmantane registrerer no sjølv gudstenester med refleksjonar i Delta Konflogg. Dette er saman med Bibelen og Kristuskransen nyttige verktøy i undervisninga.

I haust vart det etablert eit tettare samarbeid med nabokommunane Gulen og Solund, med felles kyrkjeovernatting i Eivindvik i november.

Diakonalt arbeid

Fasteaksjonen

Den årlege fasteaksjonen vart arrangert ved at konfirmantane var på dørene med bøsse og Vipps-innsamling til Kirkens Nødhjelp sitt verdsvide arbeid i dagane før påske. Innsamlingsbeløp vart i 2024 kr.45.234 som er rett i underkant av beløpet året før.

Sjukeheimen

I godt samarbeid med Masfjorden sjukeheimen held sokneprest og organist andakt på arbeidsstova og songstund på nystova annakvar/tredjekvar torsdag på dagtid. Andaktane er opne for både bebuarar og andre besøkjande på sjukeheimen. Fire av andaktane i 2024 var med nattverd. Det har i tillegg vore tre gudstenester på sjukeheimen andre dagar – i påska, på 17. mai og på julafta. I tillegg kjem konsertar og småbarnstrallen si samling på sjukeheimen før jul.



Samtalar og sjelesorg

Sokneprest har samtalar, sjelesorg, soknebod og husbesøk etter behov. Dei som ønskjer å nytta seg av dette, er velkomne til å ta kontakt med kyrkjekontoret eller direkte med soknepresten.

Kulturelt arbeid

Det er naturleg at kyrkja engasjerer seg i kulturelt arbeid i kommunen vår.

Kulturelle arrangement i kyrkjene våre:

I 2024 har kyrkjene vore arena for ulike arrangement:

- Ein planlagt songkveld i Frøyset kyrkje vart avlyst grunna sjukdom.
- Påskesongkveld i Solheim kyrkje med forsonggruppe og solistar.
- Kyrkjekoret Prima Vista frå Åsane song på gudstenesta på Frøyset i juni.



- Cash-messe i Frøyset kyrkje i september.
- «Cuba-kveld» i Solheim kyrkje i oktober, med ferske inntrykk frå Ingunn og Aslak Sognnes som har besøk Bjørgvin bispedøme sine venskapskyrkjer på Cuba.
- Konserten «Gjennom livet går ei sorg» med Ove Danielsen 6. november på Masfjorden sjukeheim og i Sandnes kyrkje. Torbjørn Sæle var med og las tekstar. Størst oppmøte på sjukeheimen.
- Julekonsertane i desember med korps, kor og solistar vart gjennomført som planlagt i Sandnes, Frøyset og Solheim kyrkje 3. helga i advent i regi av kommunen og med adventstankar frå soknepresten.

Samarbeid med andre

Fjon fjellkyrkje

Tysdag 28. mai 2024 vart foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter skipa med utsendingar frå alle kyrkjesokna i Nordhordland til stades i fjellkyrkja. Masfjorden sokn er framleis eigar av fjellkyrkja, medan drifta skjer på dugnad leia av foreininga sitt styre med Anne Kristin Rafoss som vald leiar. Foreininga er Brønnøysundregistrert med organisasjonsnummer 912596176, Vipps-nummer 945857 og kontonummer 3626 58 68953. Det er også blitt mogleg å støtta foreininga med Grasrotandelen til Norsk Tipping.

Sommaren 2024 vart det gjort ei stor, etterlengta og kostbar oppussing av dusjanlegga i kjellaren som har resultert i tre nye, separate dusjrom. Oppussinga kosta rundt 360 000 kroner og mange dugnadstimar.

Fjellkyrkja har sidan vigslinga i 1987 vore nytta til gudstenester, leirar og andre samlingar som stabsturar, sommaravslutningar, styremøte, konfirmasjonsfestar, bursdagar, bryllaup, jubileum og filminnspeling m.m. Den siste tida har også fleire oppdaga Fjon som ein god plass å samla storfamilien eller nokre venefamiliar i lag. For bruk i helgene kan det vera lurt å bestilla i god tid.

Fjellkyrkja er mykje brukt til leirar og helgearrangement og kan også leigast til feiringar og familietreff m.m. Masfjorden sokn har i løpet av året nytta fjellkyrkja til to konfirmantleirar og konfirmantfest.



Det er lang tradisjon for å samlast i fjellkyrkja til felles olsokfeiring i prostiet, og ansvaret går etter tur. Dette året var det Masfjorden sokn som stod for ansvaret. I 2023 deltok 92 personar, i 2024 var det heile 166 frammøtte på gudstenesta. Med god innsats og eit aldri så lite rømmegrautunder vart det mat nok til alle – både inne og ute. Det var også åresal, song og musikk, kaffi og kaker. Overskotet frå olsokfeiringa var på 46.222 kr.

Tverrfagleg samarbeidsutval

Soknepresten er ein del av Masfjorden kommune sitt tverrfaglege støtteteam. Teamet har nokre faste årlege møter og vert i tillegg kalla saman ved behov. I april vart det arrangert fagdag på Matre med tema psykisk helse/u-helse for ein del tilsette frå kommunane Masfjorden, Gulen og Solund.

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet Masfjordingen i samarbeid med Masfjorden kommune. Bladet vert trykt på kommunehuset og levert ut av kyrkjeutvala og har hatt 5 fylldige utgåver.

Barnehagar og skular

I desember var trusopplærar Else Iren og sokneprest Torbjørn på besøk i dei tre barnehagane med ei julevandring. Barna som ville, kunne verta kledd ut og få gå inn i rollar som Maria, Josef, gjetarar, vismenn og englar i julevandringa.

I dagane før jul vart det invitert til skulegudstenester i godt samarbeid med skulane, i Sandnes kyrkje, Frøyset kyrkje og på Matre skule. Elevar deltok med prosesjon (Sandnes og Frøyset), med lesing og lystenning (alle stader), korpsmusikk (Sandnes), klokkeringing (Matre). Konfirmantar og andre elevar stilte også sporty opp med dramatisering av juleevangeliet.



Misjonsprosjekt

Soknerådet har inngått ny misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) for perioden juni 2024-juni 2027. Vi støttar arbeidet NMS har i Estland og hadde misjonsgudsteneste med informasjon om avtalen og arbeidet i Estland 2.juni.

På Sandnes er det framleis god aktivitet i barneforeninga til NMS som blir drevet av frivillige. Dei har samlingane sine i kyrkjelydsalen i Sandnes kyrkje ein onsdag eller to i månaden.

Eit blikk framover – oppgaver og utfordringar

Det er mykje som tyder på at kyrkja – både i Masfjorden og i landet elles – er i ferd med å få ei meir synleg rolle som ein trygg og god møteplass i ei meir og meir uroleg verd. Og skjer det eitt eller anna vondt og dramatisk i eit lokalsamfunn, har det synt seg gang på gang at kyrkja spelar ei viktig rolle, også for dei som ikkje er så aktive i kyrkja i det daglege.

Difor er det viktig å sjå til at kyrkja framstår som ein romsleg og inkluderande stad for alle. Målet må vere at kvar og ein som har behov for det, veit at kyrkja er ein stad ein kan gå til når det røyner på, av di ein alt har røynt at ein er velkomen der.

Det er mange som kan bidra til dette målet:

Kommunepolitikarane bidreg ved å sjå til at kyrkja har tilstrekkelege økonomiske rammer til å drive den verksemda som folk i kommunen vår opplever som god og nyttig. Det er grunn til å seie at Kyrkja i Masfjorden nyter godt av stor politisk velvilje, noko kyrkja veit å verdsetje og ivareta.

Dei tillitsvalde og tilsette i Kyrkja i Masfjorden bidreg ved å leggje til rette for ei teneste som famnar ulike ynskje og behov innan dei rammene som vert gitt. Tala frå kyrkjestatistikken kan tolkast som at ein i stor grad har lukkast med dette.

Du kan bidra, for det er også høve for einskildpersonar i bygdene våre til å møte opp og vere med og med å ta på seg ulike oppgåver som treng å verte utført. Nokre oppgåver er små og enkle, andre er meir omfattande. Men alle treng dei å verte løyst.

Poenget er at det er bruk for alle. Det er bruk for deg. Og det er du sjølv som veit kva du kan brukast til, og kor mykje tid du har høve og lyst til å bruke på dette. Men bidraget ditt vil telje som eit positivt handslag i arbeidet med å gjere Kyrkja i Masfjorden til ei kyrkje for alle, til ei kyrkje for deg.

Hosteland, den 27. mars 2025.

Eli Eidsnes

(sign.)
Kyrkjevevje

Rune Garmann

(sign.)
Leiar Masfjorden sokneråd